



Miljøpartiet er inne med 1 mandat. Det er truleg Jostein Saghaug frå Uskedalen.

**Det skal mykje til om ikkje Uskedalen vert representert i det nye kommunestyret. Mandatfordelinga er med nokre atterhald klar no i kveld. 150 røyster, såkalla postlister og førehandrøyster, er ikkje talde. Det vert gjort i morgon tidleg. Namna på dei 35 representantane i Kommunestyret vert kunngjort i morgon kl. 17.30.**

- Sosialistisk Felleliste går fram med 1 mandat og ligg an til å ta eit 4. mandat. Av desse er ingen frå Uskedalen.
- AP: 8 mandat som før. Uskedalen har to representantar på lista, men ingen av desse er i posisjon til å koma inn.
- Senterpartiet: 8 mandat, som er ein auke på 2. Hanne Bakke Bentsen, rett nok med adresse Mauranger, frå Uskedalen er eit aktuelt namn i det nye kommunestyret.
- Venstre: 1 mandat som i dag. Dei to fyrste på lista er kumulert, så her når ikkje uskedalingane opp.
- KrF: 2 mandat. Møyfrid Kristoffersen er eit sterkt namn, men sidan nr. 1 på lista er kumulert, skal det mykje til om Møyfrid når fram.
- Miljøpartiet ligg inne med 1 mandat, men kan ved finteljing koma inn med 2. Jostein Saghaug frå Uskedalen er kumulert så mykje talar for at han er inne.
- Framstegspartiet: 3 mandat - som før. På FrP lista er det ingen frå Uskedalen.
- Høgre: 9 mandat ( minus 3 mandat ). Oddbjørn Kroka, nr. 8 på lista er eit aktuelt namn i det nye kommunestyret.

Med dette må vi venta til kunngjeringa kjem i morgon, tysdag 10. september, kl. 17.30. Uskedalen kan i det minste vera inne med to representantar.

Tekst/nett: Kristian Bringedal  
Foto: Pressefoto



Oddbjørn Kroka er ein aktuell kandidat for Kommunestyret. Finteljinga vil syna om Oddbjørn kjem inn.